

---

**Fra:** Helge Fimland <helge@fimland.net>  
**Sendt:** mandag 24. august 2020 10:21  
**Til:** Eirik Berntsen  
**Emne:** Byggeløyve gbnr 40/112

Hei Eirik

Fekk melding om at det var gitt løyve og eg har eit spørsmål.

Tomten er delvis lagt på ein gammal slipp med tinglyste rettar. Han har fått informasjon om dette og skriver i nabovarslet at han ikkje skal plassere naustet over sluppen. Men han har opplyst kommunen om at han skal holde seg innafor eigedomsgrensene Jmf. byggeløyvet.

Når naustet blir 40 m<sup>2</sup>, tomten er 41 m<sup>2</sup> og naustet ikkje skal plasserast på den tinglyste sluppen...  
*Korleis går det i hop at tiltaket skal plasserast innafor eigedomsgrensene?*

Eg har tidlegare kommentert dette i innspel, også at dersom tilkomsten til naustet er frå landsida vil det kanskje bli nødvendig med ei høg trapp. Denne kan heller ikkje komme inn på sluppen. I så fall må tiltaket flyttast lenger utanfor eigedomsgrensene enn det allereie blir..

## Dispensasjon og rammeløyve til oppføring av naust - gbnr 40/112 Hodneland

**Administrativt vedtak.** **Saknr: 442/20**

**Tiltakshavar:** Kjell Rune Melingen

**Søknadstype:** Søknad om rammeløyve utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) §§ 20-1 og 20-4.

### VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel punkt 2.2 – plankrav, punkt 2.6.1 – byggegrense mot sjø og punkt 3.1.2 – forbod mot naust i arealformål fritidsbustad for oppføring av eit naust.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf.tbl § 20-4 bokstav e, vert det gjeve rammeløyve for oppføring av eit naust på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast innafor eigedomsgrensene, jf. tbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Grunnmuren skal byggast av stabla natustein, jf.tbl § 29-2.

Før det vert gjeve igangsettelsøyve for tiltaket skal følgande ligge føre:

1. Løyve i frå havnemynde for arbeidet i sjø.

Helsing Helge Fimland